

# Lokal teknologi med globalt potensial



## FAKTA

**Namn:** Fjordvarme AS  
**Dagleg leiar:** Magne Hjelte  
**Styreleiar:** Arild Hjelmeland  
**Oppstartår:** 2004  
**Type aktivitet/ bransje/ forretningsområde:** Energileverandør samt rådgjeving, drifting og leveransar i samband med energianlegg  
**Rekrutteringsbehov:** Vil rekruttere ein person i 2010

Byggeigarane sparar store summor på energi med å vere tilknytt fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid. No står resten av landet for tur! Frå venstre: Styreleiar Arild Hjelmeland og dagleg leiar Magne Hjelte. (Foto: Steinar Engeland)

**ENERGI:** Heile Nordfjordeid er etterkvart blitt eit gigantisk demonstrasjonsanlegg som viser at termisk energi frå sjø kan verte eit viktig tiltak i kampen mot global oppvarming.

At brukarane samstundes betrar økonomien og får auka komfort, er tilleggsfaktorar som gjer fjordvarmekonseptet til eitt av framtidens beste, gjennomførbare klimatiltak!

– Bruk av miljøvennleg energi frå sjøvann til oppvarming og kjøling er eit klimatiltak som så langt i svært liten grad er utnytta i Noreg, sjølv om det er relativt enkelt og ikkje minst økonomisk forsvarleg. Etter fem år går drifta av fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid i balanse, og det gjev no grunnlag for å tilby denne grundig uttesta teknologien til brukarar langt utover kommune-, fylkes- og landegrensene, seier dagleg leiar Magne Hjelte.

Det løner seg å vere miljøbevisst  
 Frå fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid får no rundt 80.000 kvadratmeter bygningsmasse dekkast storparten av energibehovet sitt til oppvarming og kjøling. I løpet av



Badehuset på Nordfjord hotell er tilknytt fjordvarmeanlegget- eit godt døme på bruk av termisk energi. (Foto: Peder Austrud)

2009 kom talet på varnepumper i anlegget opp i 31.

– Hovudintrykket er at brukarane er nøgde. Dei oppnår eit godt innneklima i bygga sine og angrar ikkje på val av energiløysing. At utgifter til energikjøp går drastisk ned, er sjølvsagt og så viktig i denne samanhengen, seier Magne Hjelte.

Styreleiar i Fjordvarme AS, Arild Hjelmeland, meiner det har vore lite politisk handling på klima og miljø nasjonalt, trass i at mange klimatiltak snøgt må gjennomførast for å sikre levevilkåra for komande generasjonar.  
 – Folk må etter kvart spørje seg



Eid vidaregåande skule og Operahuset Nordfjord hentar varme og kjøling frå fjordvarmeanlegget. Dei tekniske installasjonane er prosjektert av Riksheim Consulting AS og levert av YIT AS.

korleis vi reint praktisk kan nå klimamålsettingane. Eg trur vi alle må bidra på kvar vår måte for at totalrekneskapen skal gå opp. Ved å ta i bruk varme og kjøling frå sjøvann i eit bygg, gjer ein eit viktig klimatiltak samstundes som ein aukar komforten og sparer driftsutgifter. Det er ikkje lenger slik at det må vere kostbart å vere miljøvennleg, seier Hjelmeland, og peikar samstundes på at ein ikkje lenger treng å vente på utvikling av ny teknologi – det er tid for handling umiddelbart!

## Kommunane – ein nøkkelfaktor

Erfaringane frå pilotprosjektet på Nordfjordeid vert no vidareført til andre utbyggjarar

gjennom selskapet Fjordvarme AS. Det er allereie prosjekt på gang fleire stader der selskapet bistår med planlegging og gjennomføring i samarbeid med andre selskap i nettverket sitt.

– Vi ser at fyrste steg på vegen mot omlegging av energibruken er at kommunane engasjerer seg og tek styring med utviklinga på energiområdet. I vår region har vi døme på dette frå Eid, Florø, Sogndal, Ulstein og Volda. Kommunane kan legge føringar på korleis ei utbygging skal gjennomførast og ta stilling til i kor stor grad dei sjølve vil delta som utbyggjar. Dette opnar vidare opp for initiativ frå eksisterande og nye selskap, seier ordførar i Eid, Sonja Edvardsen, som trur at tida er komen for

## Både offentlege bygg og private bygg er på kundelista:

- Helse Førde: Nordfjord helseområde med sjukehus og andre bygg
- Sogn og Fjordane fylkeskommune med Eid vidaregåande skule og Operahuset Nordfjord
- Eid kommune med skular, idrettshus, rådhus, omsorgsbustader og forsamlingshus.
- 11 private næringsbygg, mellom anna Nordfjord hotell og Bryggen hotell
- Fleire bustader, i hovudsak med konsentrert busetnad, så langt rundt 100 bustadeiningar

## Fordelar med termisk energi

- Sikker og utomeleg ressurs i sjøvann, innsjøar og grunnvann
- Ingen ureinande utslipp
- Kortreist energi med lite energitap undervegs
- Rimeleg utbygging og drift saman med lite varmetap gjev god driftsøkonomi
- Varmebehovet i bygg går gradvis ned, men kjølebehovet aukar. Fjordvarmekonseptet løysar begge deler
- Samla sett ei miljøvennleg løysing for den totale miljørekneskapen

## Fjordvarme AS

- Seks års driftserfaring med eit komplett energianlegg på Nordfjordeid
- Ti års erfaring frå planlegging og utbygging
- Vidarefører kompetanse og erfaring til andre stader
- Open for stadig nye oppdrag i samarbeid med andre selskap

fjordvarme som alternativt energitiltak.

I tillegg til at satsinga på termisk energi frå sjø legg grunnlaget for meir miljøvennleg energibruk, fører omlegginga til oppdrag for lokale verksemdar og er såleis positivt for næringsutviklinga i regionen. Dette er det mange gode døme på frå Nordfjordeid.

– Den lokale oppdragsauken kjem ikkje berre i utbyggingsfasen, men vedvarer også i lang tid etterpå på då det tek lang tid å legge om energibruken i eksisterande bygningsmasse. Av praktiske årsaker vert ofte energiomlegginga kombinert med anna renoveringsarbeid i bygningane, seier Magne Hjelte, som har stor tru på at verksemdar som satsar på fornybar energi vil få ei positiv utvikling i åra som kjem. Hjelte får støtte frå ordførar Sonja Edvardsen i Eid kommune.

– Ei tilsvarande satsing vil skape nye arbeidsplassar, samstundes som viktige klimatiltak vert gjennomført. Tilgangen på rimeleg og miljøvennleg energi gjer det svært gunstig for bedrifter å etablere seg då ein vil få låge kostnader med varme og kjøling og ikkje minst eit godt innneklima. På denne måten kan vi snu klimautfordringa frå berre å vere eit problem til å verte noko positivt reint næringsmessig, seier ordføraren.